



Per Inge Olsen

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3122 - 19/97

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:

03.01.2019

Kommunalt tilskot til landbruksføremål for 2018, budsjettpost 14700 603 3290

Administrativt vedtak. Saknr: 01/2019

Saksutgreiing:

Utval for drift og utvikling gjorde i møte 16.10.2018 slikt vedtak:

Utval for drift og utvikling - 80/2018

UDU - behandling:

UDU - vedtak:

Utval for drift- og utvikling løyver kr. 10 000 til Norsk landbruksrådgiving Hordaland for 2018.

Utval for drift- og utvikling løyver kr. 5 000 til Lindås og Meland sau og geit til arrangementet Landbruksdagen i Knarvik.

Tilskotet vert dekket av budsjettpost 14700 603 3290.

Rådmannen får fullmakt å avgjera øvrige søknader om tilskot til landbruksføremål administrativt for 2018 innanfor ramma til budsjettpost 14700 603 3290.

Rådmannen fekk i dette vedtaket fullmakt til å avgjera øvrige søknader/bruk av desse tilskotsmidlane.

Kommunen tok i 2018 initiativ til eit samarbeidsprosjekt mellom lokale bønder, Norsk landbruksrådgiving, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, som alle har bidrege økonomisk. Prosjektet

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

heiter *Vått og vilt klima – praktiske tiltak for landbruket i Meland og* handlar om klimatilpassing basert på lokale tilhøve. Ein vil samla erfaring frå aktive bønder og frå forskning for å finna praktiske tiltak som har overføringsverdi til andre bønder i kommunen, og bruka videosnuttar og sosiale media som verktøy for formidling.

Målgruppa for prosjektet er aktive bønder i Meland (Hordaland), kommunane og rådgjevingstenesta, med overføringsverdi til resten av fylket. Norsk landbruksrådgiving ynskjer å hausta erfaring med denne form for formidling og lukkast ein kan det brukast i heile landet. Særleg viktig for unge/nye bønder.

Ein er godt i gang med prosjektet og den første videoen er snart ferdig. Det er eit mål at ein skal laga 5 filmar til dette året, men sidan ein ikkje hadde erfaring om kor mykje dette ville kosta er sjølve filmproduksjonen for lågt budsjettert. Dette er eit pilotprosjekt og det tek tid å opparbeida seg kunnskap om korleis arbeidet bør leggjast opp. Ein ynskjer difor å auka auka budsjettramma for filmproduksjonen med 30 000. Det er lagt inn ein eigendel frå Meland kommune på kr. 30 000 som er arbeid, og dette tilskotet kjem i tillegg.

A	B	C
Budsjett klimatiltakprosjekt 2018/2019		Revidert budsjett
Kostnader	Kr	kr
Norsk landbruksrådgiving-fag ansvar	40 000	40 000
Prosjektleiing	40 000	40 000
Videoproduksjon	50 000	83 000
Brosjyre-samling av dei gode poenga	15 000	15 000
Reiser	10 000	10 000
Møter -referansegruppe m.m	10 000	10 000
Mark dagar	25 000	25 000
Formidling	10 000	10 000
	200 000	233 000
Finansiering		
Tilskot fylkesmannen landbruk	73 000	73 000
Tilskot RULL fylkeskommunen	70 000	50 000
Tilskot klimamidlar fylkeskommunen		30 000
Meland kommune arbeid	30 000	30 000
Meland kommune -tilskot		30 000
Meland bondelag-timar	10 000	10 000
Norsk landbruksrådgiving -timar	10 000	10 000
Andre midlar	7 000	0
	200 000	233 000

Tabellen over syner opprinneleg budsjett og revidert budsjett. Det er oppretta eigen objektkode i drifstrekneskapet.

Vurdering:

Utval for drift og utvikling oppretta i 2002 ein budsjettpost som gjaldt ordning med tilskot til landbruksføremål. Den har mellom anna vore nytta til tilskot til ulike landbrukstiltak som grøfting, driftsbygningar m.m. og til gode fellesprosjekt for landbruket.

Utgangspunktet for prosjekt Vått – og vilt klima var erfaring som bønder i Meland hadde gjort seg i uårssommeren 2017. Prosjektet ville setja fokus på dei som lukkast, og prøva å gjera deira erfaringar tilgjengeleg for resten av bøndene på ein slik måte at dei kan endra praksis. Erfaringsbaserte tiltak samanhalde med forskingsresultat kan formidlast gjennom videonuttar der ein syner bønder som gjer dette i praksis, og ein kan få vist både korleis og kvifor ein bør gjera ting på andre måtar for å tilpassa seg det endra klimaet. Foreløpig arbeidstittel på filmene er klimabonden, med ulike undertitlar. I tillegg til at det kan leggjast tilgjengeleg på youtube og andre sosiale media er kan det vera ein nyttig ting å ha på kurs, konferansar og andre formidlingsarenaer. Prosjektet vert sett på som eit underprosjekt av Biosfæreprosjektet i regionen, og ein prøver å skapa synerigiar ved å samarbeida med andre prosjekt som foregår i regionen. Det er Buss- og media (lokal media bedrift) som utfører filming og redigering og det er lokale bønder som medverkar i filmene.

Rådmannen meiner at det er i tråd med retningslinene som er lagt for denne budsjettposten at det vert løyvd kr. 30 000 til prosjekt Vått og vilt klima – praktiske tiltak for landbruket i Meland, fordi dette er eit prosjekt som vil koma bøndene i Meland og andre kommunar til nytte i høve til konkrete og praktiske klimatiltak dei kan gjera på sin gard.

Vedtak

Meland kommune løyver for 2018 kr 30 000 i tilskot til prosjekt Vått og vilt klima – praktiske tiltak for landbruket i Meland, med objektkode D 60303. Tilskotet vert dekkja av budsjettpost 14700 603 3290.

Vedtaket er gjort med atterhald om at kommunestyret godkjenner årsrekneskap for drift 2018 og avsetjing til disposisjonsfond for bruk i 2019

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Per Inge Olsen